

Utdanningsutvalet ved
Universitetet i Stavanger
(UU)

Årsrapport
2022
med plan for
2023

1. Om rapporten

Føremålet med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversend til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi¹ i 2022,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalet har fastsett for 2023 og vidare framover.

Rapporteringa går inn i universitetet si plan- og verksemdoppfølging (PVO-prosessen).

Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar på arbeid i utdanningsutvalet, med utgangspunkt i det mandatet styret har fastsett.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, samansetjing, samordning av saker mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet, funksjonsperiode.
- Kapittel 3: Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2022 med eit oversyn over arbeid som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2022. Rapporten byggjer på dei sakene som har vore handsama i løpet av året, og dei vedtaka som er gjorde.

Plan for utvalet sitt arbeid i 2023 kjem etter rapporten.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for utdanningsutvalet.

¹ Jmf mandatet til utvalet (vedlegg).

2. Utvalet

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over arbeidsområde og samansetjing for utdanningsutvalet i kalenderåret 2021.

2.1 Utvalet sitt arbeidsområde

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Til dette høyrer også utvikling av studieporteføljen.

Utvalet sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet.

Både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet i studia integrert i mandata sine. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som i 2022 hadde fylgjande samansetjing:

Prorektor for utdanning (leiar)
 6 prodekanar for utdanning
 1 representant for det vitskapelege personalet
 1 representant for det studieadministrative personalet
 4 studentrepresentantar
 1 representant for stipendiatane oppnemnd av UiS DC
 1 ekstern representant

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalet har hatt fylgjande medlemmer i 2022:

Vårsemesteret:

Medlem

Varamedlem

Vårsemesteret:

Astrid Birgitte Eggen (leiar)	representant for rektoratet
Elisabeth Enoksen, prodekan for utdanning, SV	dekan
Aslaug Mikkelsen, prodekan for utdanning, HH UiS	dekan
Marit Alstveit, prodekan for utdanning, HV	dekan
Brita Strand Rangnes, prodekan for utdanning, UH	dekan

Magne Olav Sydnes, prodekan for utdanning, TN	dekan
Friederike Wildschütz, prodekan for utdanning, UK	dekan
Rune Giske, professor, UH ²	Jan Terje Kvaløy, professor, TN
Anne Helliessen, kontorsjef, SV	Nina Egeland, rådgjevar, TN
Sanja Mrksic Kovacevic, representant for stipendiatane	Hui Cheng
Mohammed Abdullah Hassan, studentrepresentant	
Sukina Kahn, studentrepresentant	
Martin, studentrepresentant	
Vivi Vo, studentrepresentant	
Hallgeir Bø, ekstern representant	Joar Loland

Vararepresentantane for studentane har rekkefylgjerepresentasjon.

Marit Helland

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket, med talerett.

Hautsemesteret:

Astrid Birgitte Eggen (leiar)	Representant for rektoratet
Marit Alstveit, prodekan for utdanning, HV	dekan
Elisabeth Enoksen, prodekan for utdanning, SV	dekan
Aslaug Mikkelsen, prodekan for utdanning, HH UiS	dekan
Brita Strand Rangnes, prodekan for utdanning, UH	dekan
Magne Olav Sydnes, prodekan for utdanning, TN	dekan
Friederike Wildschütz, prodekan for utdanning, UK	dekan
Terje Kvaløy, professor, TN	Eva Leibinger, 1. amanuensis, HV
Anne Helliessen, kontorsjef, SV	Nina Egeland, rådgjevar, TN
Chern Fong, representant for stipendiatane	Konstantina Karatzoudi
Jakob Meyer Vevatne, studentrepresentant	
Marija Pedersen, studentrepresentant	
Jonas Molde Hollund, studentrepresentant	
Stefan Jekic, studentrepresentant	
Hallgeir Bø, ekstern representant	Joar Loland

Vararepresentantane for studentane har rekkefylgjerepresentasjon.

Christoffer Sennels

Anne Margrethe Sandbæk

Sukina Kahn

² Fall frå 10. april

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket er observatørar med talerett.

Gjennom 2022 har utdanningsutvalet halde fire møte (to i vårsemesteret og to i haustsemesteret) etter ein møteplan som har vore koordinert med læringsmiljøutvalet sin møteplan og styret sin møteplan. Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangerte eit felles introduksjonsseminar i september, særleg for nye medlemmer i utvala.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

2.3 Samordning av saker mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet

For å samordna møta og gjera sakshandsaminga meir effektiv, er møta for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet lagt til same dagen, med ein fellesbolke mellom møta i det enkelte utvalet, der saker som gjaldt begge utvala vart handsama. Desse sakene er i stor grad orienteringssaker frå prorektor for utdanning, utdanningsdirektøren, studentombodet og StOr, men der er også vedtakssaker i desse møta. Sakene er samla i eigne møtebøker, og har fått nemninga KU saksnr/år.

2.4 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode fylgjer normalt rektorvalet. Dette utvalet har funksjonstid til 31. juli 2023.

3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2022

Utdanningsutvalet sin plan for arbeid med utdanningskvalitet i 2022 vart vedteken i utvalet sitt møte 16. februar 2022 og er organisert under desse hovudområda: 1) kvalitet i utdanningane, 2) internasjonalisering og 3) utvalet som rådgjevande organ.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i hovudområda. For kvart hovudområde fylgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt. Til nokre av punkta gir utvalet si overordna vurdering. Det vert elles vist til utvalet sine møtebøker, som er å finna på [utvalet si heimeside](#).

Kvalitet i utdanningane

Tiltak:

- Oppfølging av NOKUT-tilsynet og eventuell revisjon av kvalitetssystemet.

Rapport:

Kvalitetssystem for utdanning vart revidert i løpet av fyrste halvår 2021. Dette vart gjort på bakgrunn av rapporten frå Nokut sitt tilsyn i 2019 og vurderingar som vart gjort ved fakulteta og i utdanningsleiinga.

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet (KU) handsama plan for revisjon av kvalitetssystemet i møtet 16. februar (KU 04/22). Fakulteta hadde gitt innspel til endringar i møta som prorektor for utdanning og utdanningsavdelinga gjennomfører i starten av kalenderåret. Saka presenterte ei oppsummering av forslaga med oversyn over kva forslag og tiltak som var gjennomført, og plan for vurdering og gjennomføring av dei andre forslaga. Utvala gjorde vedtak om endringane.

Utvalet si vurdering:

Utdanningsutvalet ser at det nye kvalitetssystemet for utdanning med årleg revisjon, fører til god utvikling og betre praksis i kvalitetsarbeidet.

- Periodisk evaluering og reakkreditering av studieprogram, i fylgje plan som utvalet har vedteke.

Rapport:

Utvalet laga i 2018 ein plan for periodisk evaluering og reakkreditering av alle gradsstudia for 2019 – 2024. Denne planen vert revidert kvart år. Utvalet får rapportar frå evalueringa, med tilråding frå dekan, til handsaming i siste møte for gjeldande år eller i det fylgjande året. I møtet i februar (UU 03/22) handsama utvalet rapportar frå 2021. Til saman tre bachelorprogram og fem masterprogram vart reakkrediterte i denne saka.

I møtet 16. november (UU 25/22) handsama utvalet rapportar frå evaluering av eitt bachelorprogram og eitt ph.d.-program, i fylgje planen for 2022. Begge studieprogramma vart reakkrediterte.

Utvalet fastsette i same møtet (UU 26/22) revidert plan for periodisk evaluering av studieprogram for 2023. Sju bachelorprogram, sju masterprogram og eitt ph.d.-program skal evaluerast i 2023.

Utvalet si vurdering:

Utdanningsutvalet ser at det vert gjort godt og grundig arbeid i fakulteta og dei sakkunnige komitéane. I rapportane er der framlegg til tiltak for å betra studia, noko fakulteta fylgjer opp i sine planar. Utdanningsutvalet er nøgd med at alle studieprogramma som har vorte evaluerte så langt har vorte tilrådde reakkrediterte.

- Akkreditering av nye studieprogram.

Rapport:

Utvalet handsama i møtet 21. september (UU 16/22) og 16. november (UU 24/22) saker om akkreditering av nye gradsprogram. Fylgjande studier har vorte akkrediterte og tilrådde for etablering i universitetsstyret:

- Bachelorprogram i digital serviceledelse.
- Masterprogram i transformasjon og nyskaping, EVU.
- Masterprogram i psykologi.
- Master's Programme in Digital Society and Societal Transformations.
- Masterprogram i utøvende kunstfag.
- Bachelorprogram i skolefritidspedagogikk.
- Bachelorprogram i toll, vareførsel og grensekontroll, etatsveien.

Fylgjande studieprogram endra namn:

- Masterprogram i applied data science til masterprogram i data science.

Utdanningsutvalet akkrediterte i septembermøtet også eit tverrfakultært emne på bachelornivået, 10 studiepoeng, bærekraft og grønn omstilling. Akkreditering og etablering av studier inntil 60 studiepoeng ligg normalt til dekanen sitt myndighetsområde, men dette emnet er særleg nemnt i universitetsstyret sin handlingsplan 2022 – 2025, og skal vera eit tilbod til studentar på alle fakulteta. Difor vart det akkreditert i utdanningsutvalet, men vart etablert av dekan på Det samfunnsvitskaplege fakultetet.

Utvalet si vurdering:

Utdanningsutvalet ser at ordninga for akkreditering av studier fungerer godt etter intensjonen, der dei faglege vurderingane vert gjort i fagmiljøet og av eksterne fagfeller, og der dei sjekkpunkta som er lagde inn undervegs i prosessen er aktive. Slik kan utvalet oppfylle si oppgåve i akkrediteringsprosessane, nemleg å sikra at det nødvendige kvalitetsarbeidet er gjort.

- Kvalitet i studieportefølje, studieprogram og emne.

Rapport:

Utvalet vart i maimøtet (UU 10/22) orientert om utgreiingsløyve for åtte nye gradsprogram. Det er rektor som gir slikt løyve, etter søknad frå fakulteta. Sjølv om det vert gitt utgreiingsløyve, er det ikkje sjølvstøtt at alle søknader om akkreditering og etablering vert lagde fram for utdanningsutval og styre.

Utvalet vart orientert om arbeid med planleggjing av studieplasser for 2023 – 2024 i møtet 16. februar (UU 07/22) og ga råd til styret om fordeling av studieplassar i møtet 21. september. Denne saka heng nøye saman med saker om akkreditering og nedleggjing av studier, og vert difor lagt fram i same møtet.

Utvalet godkjende i novembermøtet (UU 30/22) prosedyre for kvalitetssikring av ECIU-emne. Desse emna skal inngå i kvalitetssystem for utdanning ved UiS, men med ein enklare prosedyre.

Utvalet vart orientert om kvalitetsrapporten for 2020 i møtet 21. september.

Utvalet si vurdering:

Arbeid med studieporteføljen, som inkluderar akkreditering og større endringar i studieprogramma, er ein viktig del av utdanningsutvalet sitt ansvar for kvalitet i studia. At ECIU-emna også er inkluderte i kvalitetssystem for utdanning, der utvalet som ei steg i rett retning for å trygga kvaliteten også i denne delen av porteføljen.

- Kvalitetsutviklande verkemiddel - FOU i tilknytning til utdanningane og til undervisning.

Rapport:

UiS Institutional Research Network (UiS IRN) vart presentert for utvala i septembermøtet. UiS IRN knyter saman tilsette og studentar med kompetanse og forskningsinteresse som er særleg relevant for å utvikla universitetet som organisasjon.

- Eksternt finansierte prosjekt innføre utdanningane.

Rapport:

Utvalet vart i februararmøtet (UU 06/22) orientert om resultat frå søknader til eksterne konkurransearenaer. Utvalet ga særleg innspel om trong for forventningsavklaring og styrka prosjektstøtte.

- Studiebarometeret og andre undersøkingar.

Rapport:

Dei to utvala vart i møtet 16. februar (UU 07/22) orienterte om resultatet av Studiebarometeret hausten 2021.

- Bruk av og oppfølging av SHoT-undersøkinga.

Rapport:

Utvalet handsama ikkje sak om SHoT-undersøkjinga i 2022, men vil ha sak om oppfølging av SHOT-undersøkjinga i møte i mai 2023.

- EVU. Omfang, innhald og styring.

Rapport:

EVU inngår i dei årlege revisjonsmøta som utdanningsdirektøren har med fakulteta. Basert på innspel i desse møta vert det laga sak til begge utvala (KU) med handlingsplan for kontinuerleg forbetring av kvalitetsarbeidet.

- Digitale og tekniske ressurser.

Rapport:

Utvalet hadde sak om innføring av Evaluation Kit i september møtet (KU 21/22).

Utkast til plan for digital omstilling ved UiS vart presentert for dei to utvala i maimøtet.

Utvalet har også blitt orientert om HK-dir sin nasjonale konferanse «Utdanningskvalitet og digital omstilling 2022» og om NIFU- rapporten «Pedagogisk bruk av digital teknologi i høyere utdanning» som ble lansert av HK-dir i januar 2022

Prosessane rundt utvalet sitt arbeid er godt innarbeidde i digitale sakshandsamings- og arkivsystem.

Internasjonalisering

Tiltak:

- ECIU University og utfordringsbasert læring. Utvalet er referansegruppe til prosjektet og vil halda seg oppdatert og informert om samarbeidet.

Rapport:

Utvalet handsama fleire saker knytt til ECIU University og utfordringsbasert læring (UU 20/22, 30/22, KU 10/22, KU 18/22). Desse var både orienteringssaker og vedtak om arbeidsprosessar knytt til etablering og evaluering av ECIU-emna. Desse emna er nå integrerte i universitetet sitt kvalitetssystem for utdanning.

Utvalet var fram til 2022 referansegruppe for UiS sin del av ECIU University. Frå 2023 er det ny finansieringsperiode frå Erasmus+. Alliansen går samstundes inn i ein ny fase med ei anna organisering, og utdanningsutvalet er ikkje lenger referansegruppe.

Vurdering:

Utdanningsutvalet ser at det er ein viktig del av mandatet å vera orientert om utviklinga i ECIU-samarbeidet. Sjølv om utvalet ikkje lenger skal vera referansegruppe for UiS sin del av ECIU University, ynskjer utvalet også framover å verta halde orientert.

- Studentmobilitet, inn- og utreisande studentar, som integrert del av studieplanutvikling.

Rapport:

Dei to utvala vedtok tiltaksplan for oppfylgging av Stortingsmelding 7 *En verden av muligheter - Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning* (Meld. St. 7 2020-2021) i februar møtet (KU 03/22).

- Korleis utreisande studentar vert brukte når dei kjem heim igjen.

Rapport:

Sjå punktet over.

Utvalet som rådgjevande organ

Tiltak:

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.

Rapport:

Utvalet har handsama ei rekkje saker om ordningar som vedkjem utdanningane. Utvalet har sjølv vedteke eller gitt råd til styret om fastsetjing av fylgjande reglar, retningsliner og forskrifter:

- Retningsliner for bruk av stolpetimen (UU 04/22).
- Revidering av forskrift om studier og eksamen ved UiS (UU 11/22).
- Tillitsvaldordninga for studentar (KU 14/22).
- Endring i utfyllande reglar for opptak til masterstudier vidareutdanningar (UU 27/22).

Vidare har utvalet handsama fylgjande saker om tildeling av prosjektmiddel til utdanningane:

Utdannings- og læringsmiljøprisen 2022, utlysing og tildeling (KU 06/22 og 13/22).

Utvalet har vorte orientert om og diskutert statistikk på grunngjeving og klage på sensur/formelle feil ved UiS (UU 12/22), høyringsvar frå UiS til forslag om endringar i universitetets- og høgskulelova.

Utvalet har handsama justeringar i Evaluation Kit, eit verktøy til bruk i emneevalueringar (KU 21/22).

Utvalet har, i samsvar med årshjulet, fastsett undervisningsterminar for det akademiske året 2023 – 2024.

Sak om overføring av studieplassfinansiering vart lagt fram for utvalet i novembermøtet (UU 28/22).

Utvalet vart også orientert om gjennomstrøymingstiltak ved Norsk hotellhøgskole (KU 28/22), semesterstart 2022 ved heile institusjonen (KU 29) og studentopptaket (KU 30/22).

Vurdering:

Ein annan viktig del av utdanningsutvalet sitt mandat i arbeidet med kvalitet i utdanningane, er fastsetjing av regelverk som vedkjem gjennomføring av utdanningane. Utvalet skal også gi råd til styret om fastsetjing av forskrifter om utdanning, og halda seg orientert om nasjonalt lovverk og føringar. Utvalet meiner å ha oppfylt denne oppgåva på ein tilfredsstillande måte også i 2021.

- Kvalitetsseminar, evaluering og vidare planleggjing.

Rapport:

Utvala vedtok i maimøtet (KU 15/22) å arrangera utdanningskvalitetsseminar hausten 2022. Tema var fastsett til grøn omstilling og berekraft i utdanningane. På grunn av sjukdom hjå arrangørane vart ikkje seminaret avhelde. Utdanningsdirektør og utvalsleiar legg fram sak om nytt seminar i fyrste møte i 2023.

Oppsummering av rapporten

Det vert lagt ned eit omfattande arbeid i dei to sentrale utvala kvart år, i sjølve møta, i førebuingane til møta og i arbeidet med sakene. I 2022 handsama utdanningsutvalet 33 saker i eigne møte. Av desse var 9 formelle saker (godkjenning av innkalling, godkjenning av møtebok, eventuelt), 17 vedtakssaker og 5 orienteringssaker.

Saman med læringsmiljøutvalet, i felles møtet som vert kalla utdanning og læringsmiljø, handsama utvalet 33 saker. Av desse var 7 vedtakssaker og 22 orienteringssaker.

I fellesmøtet har også utvala ei temasak på saklista. I 2022 var tema skikkaarbeidet ved UiS, utdanningsleiing ved UiS, UiS Institutional Research og orientering om arbeid med akkrediteringsprosessen i utdanningsavdelinga.

Utdanningsdirektøren vil i 2023 setja opp planen som sak i septembermøtet, for at utvalet skal kunna fylgja med på og ta ansvar for at planen vert fylgd opp.

Plan for utvalet sitt arbeid i 2023

Planen er i samsvar med utvalet sitt mandat og det vedtekte årshjulet. Dei fleste sakene som utvalet får til handsaming går fram av desse. Planen framhevar saker som utvalet vil få til handsaming i 2023, og vil danna grunnlag for rapportering og utvalet sin eigenrapportering når året er omme.

Planen for 2022 skal ha tre hovudområde, og tiltak under kvart område.

Kvalitet i utdanningane

Utvalet skal

- Fastsetja revisjon av kvalitetssystemet i samsvar med årshjulet for dette.
- Føreta periodisk evaluering av studieprogram, i fylgje plan som utvalet har vedteke.
- Handsama søknader om akkreditering av nye studieprogram.
- Gi råd til styret om forskrifter knytt til utdanningane.
- Handsama sak om utfyllande reglar for opptak til masterprogram og vidareutdanningar.
- Handsama andre saker om kvalitet i utdanningane.
- Vera orientert om og gi råd til kvalitetsutviklande verkemiddel i utdanningane og undervisinga.
- Vera orientert og gi råd om eksternt finansierte prosjekt innføre utdanningane.
- Vera orientert om og vedta oppfølging av Studiebarometeret og andre undersøkingar om utdanningskvalitet.
- Greia ut og gi råd om fleksibilisering av utdanningane med vekt på EVU.
- Kartleggja resultatet av arbeidet som studenttillitsvalde gjer i råd og utval.
- Kartleggja av resultatata av bruk av studentassistentar.
- Vera informert og gi råd om universitetspedagogiske tiltak.

Internasjonalisering

Utvalet skal

- Vera informert
- og gi råd om ECIU University og utfordringsbasert læring.
- Fylgja opp Meld. St. 7 (2020 – 2021) En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning.

Utvalet som rådgjevande organ

Utvalet skal

- Ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.
- Evaluera og gje innspel til vidare planlegging av kvalitetsseminar for utdanning.

Mandat og sammensetning for utdanningsutvalget (UU) ved UiS

Fastsatt av universitetsstyret 10. desember 2020

Utdanningsutvalget er opprettet av UiS-styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsspørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal akkreditere og reakkreditere universitetets gradsstudier på styrets vegne og se til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles.

Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget.

I. Utvalgets mandat

Utdanningsutvalget skal:

- a. Akkreditere nye gradsstudier på bachelor, master og ph.d.-nivå.
- b. Fatte vedtak i saker om reakkreditering av gradsstudiene på bachelor, master og ph.d.-nivå.
- c. Fastsette retningslinjer for akkreditering, periodisk programevaluering og reakkreditering av universitetets studier.
- d. Fastsette prosedyrer og maler for universitetets kvalitetsarbeid i utdanningene
- e. Behandle og fatte beslutning i saker om kvalitet i studieprogram og -portefølje
- f. Fastsette universitetets undervisningsterminer.
- g. Fastsette unntak fra krav til emnestørrelse.
- h. Fastsette andre felles studieadministrative regler og retningslinjer.
- i. Gi råd til styret i de årlige sakene om kvalitet i studieportefølje, etablering og nedlegging av studier, navneendringer og dimensjonering av studiene.
- j. Gi råd til styret når lokale forskrifter om utdanningsvirksomheten skal fastsettes eller endres.
- k. Gi råd til styret ved større endringer i kvalitetssystemet for utdanning.
- l. Gi råd til styret i saker om utdanningsvirksomheten som er av strategisk betydning.
- m. Avgi årlig rapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.
- n. Koordinere utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- o. Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningspolitikk og gi råd om universitetets oppfølging.

II. Sammensetning

Rektor oppnevner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalget.

Utvalget har følgende sammensetning:

- Prorektor for utdanning (leder)
- 6 prodekaner for utdanning
- 1 representant for det vitenskapelige personalet
- 1 representant for det studieadministrative personalet

- 4 studentrepresentanter utpekt av StOr
- 1 representant for stipendiatene utpekt av UiS DC
- 1 ekstern representant

Alle medlemmene, bortsett fra studentrepresentantene, har personlige varamedlemmer. Representant fra rektoratet er vararepresentant for prorektor for utdanning. Utvalget oppnevnes for fire år om gangen og følger rektorperioden. Studentene oppnevnes for ett år om gangen. Vararepresentantene for studentene har rekkefølgerrepresentasjon.

Utdanningsdirektøren er utvalgets faste sekretær og sørger, etter samråd med prorektor, for utredning av saker til utvalget.